

# Bacheloroppgåve

## Samlingsstund med barn i alderen 1-3 år

«Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstund, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?».

Silje Strand

Barnehagelærerutdanning fulltid  
2021

Tal ord: 10 775



## Forord

Denne bacheloroppgåva er skriven 3. året på barnehagelærerutdanninga ved Høgskulen i Volda. Oppgåva er ei kvalitativ studie, som er empirisk forskingsbasert med intervju som metode.

Å skriva ei bacheloroppgåve har vore tidkrevjande og til tider travelt. Samtidig har det vore veldig spennande, lærerikt og nyttig å gjennomføre eigen forskning. Arbeidet med oppgåva har gitt meg ny innsikt i og kompetanse om korleis ein kan organisere samlingsstunder, samt kva innhald ein burde legge vekt på til barn i alderen 1-3 år.

Eg vil nytte anledninga til å takke alle som har vore involvert og påverka arbeidet med oppgåva. Først og fremst takk til alle fire informantane som stilte opp til intervju og delte sine erfaringar og kunnskap om temaet. Ei spesiell takk til rettleiaren min som har kome med gode råd og konstruktiv kritikk gjennom heile prosessen.

Vidare vil eg også rette ei stor takk til familie som las korrektur på heile oppgåva. Heilt til slutt vil eg takke den faste kohorten med barnehagelærerstudentar på biblioteket. Gode arbeidsøkter, underhaldande pausar, motiverande ord og gode diskusjonar rundt oppgåva har gjort prosessen mykje enklare.

Volda, Mai 2021

## Innholdsliste

<b>Samandrag</b> .....	<b>3</b>
<b>1. Innleiing</b> .....	<b>4</b>
1.1 <i>Grunnlag for val av tema og aldersgruppe</i> .....	4
1.2 <i>Tema og problemstilling</i> .....	4
1.3 <i>Definisjon av nøkkelomgrep</i> .....	4
1.4 <i>Avgrensing og oppbygging av oppgåva</i> .....	5
<b>2. Kunnskapsgrunnlag</b> .....	<b>6</b>
2.1 <i>Barnehagen sine samfunnsmandat</i> .....	6
2.2 <i>Tidlegare forskning</i> .....	7
2.3 <i>Teoretiske perspektiv på problemstillinga</i> .....	8
2.3.1 <i>Kva er ei samlingsstund?</i> .....	8
2.3.2 <i>Organisering av samlingsstund</i> .....	9
2.3.3 <i>Innhaldet i samlingsstunda</i> .....	12
<b>3. Forskingsmetode og datagrunnlag</b> .....	<b>14</b>
3.1 <i>Val av metode</i> .....	14
3.2 <i>Val av informantar</i> .....	15
3.3 <i>Førebuingar og gjennomføring av intervju</i> .....	15
3.4 <i>Transkribering</i> .....	16
3.5 <i>Kvalitet av studien</i> .....	17
3.5.1 <i>Validitet, reliabilitet og generalisering</i> .....	17
3.5.2 <i>Analyse av datamateriale</i> .....	18
3.5.3 <i>Forskingsetiske vurderingar</i> .....	20
<b>4. Presentasjon av data</b> .....	<b>22</b>
4.1 <i>Organisering av samlingsstunda</i> .....	22
4.2 <i>Innhaldet i samlingsstunda</i> .....	23
<b>5. Drøfting</b> .....	<b>26</b>
5.1 <i>Organisering av samlingsstund</i> .....	26
5.2 <i>Innhaldet i samlingsstunda</i> .....	30
<b>6. Konklusjon</b> .....	<b>34</b>
<b>7. Litteraturliste</b> .....	<b>35</b>
<b>8. Vedlegg</b> .....	<b>37</b>
<i>Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema</i> .....	37
<i>Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema (Postintervju)</i> .....	40
<i>Vedlegg 3: Intervjuguide</i> .....	43
<i>Vedlegg 4: Intervjuguide (Postintervju)</i> .....	45

## Samandrag

Formålet med oppgåva er å undersøke følgjande problemstilling: «*Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstund, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?*». Oppgåva er ei studie som er basert på ei kvalitativ metode. For å samle inn data er det gjennomført fire intervju med pedagogiske leiarar som arbeidar med barn i alderen 1-3 år. I drøftinga blir problemstillinga studert gjennom empiriske data, tidlegare forskning og teori.

I forbindelse med organisering av samlingsstund tek studien føre seg tre overordna kategoriar: lokale, tid og gruppestørrelse. Studien viser at alle informantane gjennomfører samlingsstund inne på avdelinga. Dei fleste har ein fast plass og dei vel å sitte på golvet, små stolar eller mjuke underlag som matter eller sofaen. Vidare kjem det fram at samlingsstunda alltid skjer på formiddagen og den varer mellom 5-20 minutt i dei barnehagane som vart studert. Undersøkinga viser også at alle barnehagane praktiserer både heile barnegruppa og mindre grupper under samlingsstunda. Gruppestørrelsen varierer mellom 8-13 barn når alle barna er samla samtidig.

Studien viser vidare at rammeplan og barna sine interesser er med på å styre innhaldet i samlingsstundene. Det kjem også fram at informantane i studien legg vekt på like ting når dei vel innhald til samlingsstundene. Her kjem det tydeleg fram at song og musikk, og formidling av eventyr, forteljingar og bøker er sentrale innhaldselement i samlingsstundene. Undersøkinga viser også at visuelle hjelpemiddel er viktig for 1-3 åringane under samlingsstunda.

# 1. Innleiing

## 1.1 Grunnlag for val av tema og aldersgruppe

Alderen på barna i barnehagen har endra seg dei siste 20 år. I følgje Statistisk Sentralbyrå gjekk 37,1 % av alle barn i alderen 1-2 år i Noreg i barnehage i år 2000. Frå då byrja denne prosenten å auke, i 2020 hadde talet auka til 85,4 % (Statistisk Sentralbyrå, 2021). Dette viser at forskning knytt til dei yngste barna i barnehagen er meir aktuelt enn nokon gong. Den store andelen med yngre barn i barnehagen setter nye krav til kompetanse om denne aldersgruppa. Når eg er ferdig utdanna ynskjer eg å arbeide med dei yngste barna. Gjennom denne oppgåva var difor målet å få meir kunnskap om denne aldersgruppa.

Eriksen (2020, s.56) skriv at «Bevissthet om innhold og form, om rom og tid er nyttig for at en samlingsstund skal fungere godt». Dette viser at det organisatoriske og innholdet i samlingsstunda er relevante element å studere for å kunne legge til rette for ei god samlingsstund. Samlingsstunda er eit punkt på dagsordenen i barnehagen som eg likar veldig godt. I framtidig arbeid ynskjer eg å skape gode og innholdsrike samlingsstunder som har verdi for barna. For å få til det såg eg på det som avgjerande å få meir innsikt i og kunnskap om korleis ein kan organisere samlingsstundene, samt kva innhald pedagogiske leiarar vel til dei yngste barna.

## 1.2 Tema og problemstilling

Det overordna temaet eg har valt for oppgåva er samlingsstund i barnehagen, med barn i alderen 1-3 år. Problemstilling for oppgåva er difor: *«Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstund, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?»*.

## 1.3 Definisjon av nøkkelomgrep

Omgrepet samlingsstund kan definerast på ulike måtar, men typisk for alle er at det handlar om å samle seg. Dette ser vi blant anna hjå Brendeland (2009, s.18), som påstår at alle som har kjennskap til barnehagen mest sannsynlig vil definere omgrepet som «en stund der noen samles». I den nynorske ordboka ser vi også at omgrepet samling blir definert som «det å samle seg» («Samling», 2021).

I denne oppgåva vil organisering omhandle dei fysiske og menneskelege rammene som kan knytast til samlingsstunda. Den første kategorien som inngår i dette er lokale. Den vil handle om kvar samlingsstunda blir gjennomført og kva barna sit på. Den neste kategorien er tid. Her vil varigheit og tidspunkt på dagen vere sentrale moment. Den siste kategorien er gruppestørrelse. Den vil handle om tal på barn, samt små og store grupper (Reich, 1996, s.48; Brendeland, 2009, s.147).

I denne oppgåva er innhald definert som det stoffet som blir ført inn i barnas liv, eller det som pedagogen bevisst presenterer for barna. Dette innhaldet kan vere matrealistisk eller verbalt (Brostöm & Vejleskov, 2009, s. 61).

#### 1.4 Avgrensing og oppbygging av oppgåva

I oppgåva ynskja eg å ha eit fokus på sentrale kategoriar innanfor didaktisk planlegging. På grunn av oppgåva sitt omfang kunne eg ikkje fokusere på alle, og valde difor innhald og organisering. I den didaktiske relasjonsmodellen av Bjørndal og Lieberg (1975), som seinare har blitt utarbeidd av Hiim og Hippe (1998, s. 99), er innhald og rammefaktorar sentrale kategoriar. Rammefaktorar blir i denne oppgåva omtala som organisering. Eg valde også å avgrense oppgåva ved å fokusere på barn i alderen 1-3 år, fordi eg ynskja meir kunnskap om denne aldersgruppa.

Oppgåva er delt inn i fire hovuddelar: kunnskapsgrunnlag, forskingsmetode og datagrunnlag, presentasjon av funn og drøfting. Først er kunnskapsgrunnlaget, presentert, der styringsdokument, tidlegare forskning og relevante teoretiske perspektiv på problemstillinga er lagt fram. Deretter kjem metode for oppgåva, forskingsprosessen og kritiske refleksjonar rundt forskingsmetoden presentert. Vidare kjem empiriske data frå intervjuprosessen, som skal belyse problemstillinga. Til sist er styringsdokument, tidligare forskning og teoretiske perspektiv drøfta opp mot empiri frå intervjuprosessen.

## 2. Kunnskapsgrunnlag

I denne delen av oppgåva blir det presentert kva styringsdokument seier om innhaldet i barnehagen. Vidare blir relevant forskning om samlingsstund presentert. Til sist blir teoretiske perspektiv på samlingsstund, organisering og innhald lagt fram.

### 2.1 Barnehagen sine samfunnsmandat

I styringsdokumenta for barnehagen står det ikkje noko om samlingsstund. Styringsdokumenta legg derimot føringar for innhaldet i barnehagen. Barnehagen sitt innhald er lovfesta gjennom barnehagelova (2005, § 2.) og vidare utdjupa av Kunnskapsdepartementet (2017) i rammeplan for barnehage. Gjennom dei sju fagområda kjem det fram ulike typar innhald som barnehagen skal arbeide med. I denne oppgåva er det fokusert på fire av dei sju fagområda. Dette fordi det er desse fire som kjem tydlegast fram i mine funn.

Under fagområdet kommunikasjon, språk og tekst står det: «I barnehagen skal barna møte ulike språk, språkformer og dialektar gjennom rim, regler, songar, litteratur og tekstar frå samtid og fortid» (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 48). Gjennom arbeid med fagområdet kropp, rørsle, mat og helse skal barna bli inkludert i aktivitetar der dei får bevege seg, leike, sanse, lære og samhandle med andre (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 49).

Fagområdet kunst, kultur og kreativitet har fokus på at barna skal møte og få erfaring med musikk, dans, drama, språk, litteratur og film i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s.50). Under fagområdet etikk, religion og filosofi står det at barna skal få kjennskap til forteljingar, tradisjonar, verdiar og høgtider i ulike religionar og livssyn (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54).

I St. Melding 41 *kvalitet i barnehagen* står det at innhaldet i barnehagen er ein avgjerande faktor for god kvalitet i barnehagen (kunnskapsdepartementet, 2009, s. 9). Det står også at innhaldet skal vere variert, ha fokus på dei sju fagområda og det enkelte barn og barnegruppa sine interesser. Utover dette står barnehagen fritt til å velje innhald (kunnskapsdepartementet, 2009, s. 60).

## 2.2 Tidlegare forskning

Samlingsstund med 1-3 åringane i barnehagen er lite forska på. Det meste av relevant forskning omhandlar eldre barn eller er av eldre dato. Til tross for at forskinga er av eldre dato og ikkje direkte knytt til aldersgruppa er det relevant å bruke den. Årsaka til det er at eg ser likskapstrekk i forskinga og i mine funn. Det er totalt nyttå tre forskingsprosjekt i denne studien, og desse blir presenterte her.

Sønstabø (1978) si hovudfagsstudie om samlingsstund er den mest omfattande norske studien om samlingsstund. Datamaterialet omfattar 70 samlingsstunder i åtte ulike barnehagar. Ho har blant anna studert innhaldet i og rammefaktorane for samlingsstunda. Datamaterialet viser at to av barnehagane delte inn i mindre grupper og seks av dei hadde heile gruppa. Det var variasjon på tidspunktet på dagen, når barnehagane gjennomførte samlingsstund. Nokon av barnehagane hadde den før lunsj, andre etter lunsj og nokon varierte tidspunktet. I studien kjem det fram at litteraturformidling, samtale og song var innhald som gikk igjen i alle barnehagane. Det var også dette innhaldet det vart brukt mest tid på under samlingsstundene. Rutineaktivitetar som kalender og namneopprop var også innhald som vart brukt i samlingsstundene. I vedlegget om materiell som er brukt under samlingsstunda kjem det fram at bøker blir aller mest brukt som visuelle hjelpemiddel. Konkretar blir kategorisert som levande dyr, plantar og frø, og dette vart brukt i tre av samlingsstundene. Ho oppdaga også at barna var mest oppmerksame under musikk, song og aktivitetar med bevegelse.

Eide, Os og Samuelsson (2012) har gjennomført ei studie der dei tok videoobservasjonar av samlingsstund i ni ulike småbarnsgrupper med barn i alderen 1-3 år. I deira observasjonsmateriale varte samlingsstundene mellom 5-39 minutt. Barnegruppa bestod av 9-12 barn. I forskingsartikkelen kjem det fram at song- og bevegelsesleikar, eventyr og regler, samt bruk av konkretar og figurar ofte gjekk igjen under samlingsstundene. Dei oppdaga at når innhaldet var basert på barna sine interesser vart barna meir konsentrerte, delaktige og hadde eit felles fokus på det som skjedde. I ein av observasjonane kjem det fram eit eksempel på at barna fekk trekke figurar frå ein gullsekk. Deretter song dei ein song som var knytt til figuren som vart trekt.



Forskningsartikkelen *Samlingsstund – tradisjonsberar eller nyskapar i arbeid med tidleg litterasitet i barnehagen?* av Håberg (2019) viser innhald i samlingsstunder med barn i alderen 4-5 år. Dei 24 observerte samlingsstundene varte i gjennomsnitt 25 minutt. Samlingsstund vart gjennomført til eit fast tidspunkt på formiddagen av alle dei tre avdelingane som vart studert. Barnegruppa var alltid delt i to, og bestod av 10-12 barn. Barna satt i ein halvsirkel i ein stor sofa og på stolar ved sida av. I datamaterialet kjem det fram at songar vart brukt i alle dei observerte samlingsstundene. Høgtlesing av bøker og eventyr fann stad seks gongar. Eventyr vart formidla gjennom figurteater med konkretar og rekvisittar. I studien kjem det også fram at årsplan og periodebestemt innhald stort sett legg grunnlag for val av innhald.

## 2.3 Teoretiske perspektiv på problemstillinga

### 2.3.1 Kva er ei samlingsstund?

Samlingsstund i barnehagen er eit omgrep som er vanskelig å lage ein samla definisjon på, fordi det kan definerast på ulike måtar. Eit tydelig kjenneteikn som går igjen i ulike definisjonar er at samlingsstund handlar om å samle seg. Brendeland (2009, s.18) påstår at alle som har kjennskap til barnehagen mest sannsynlig vil definere omgrepet som «en stund der noen samles». Dersom vi ser på Reich sin definisjon, er samlingsstunda definert slik:

Samlingsstund er når en gruppe barn og voksne i barnehagen sitter samlet, ofte i en sirkel, og har felles aktiviteter under ledelse av en eller flere voksne. Den er et fast punkt på dagsordenen i barnehagen og holdes på et bestemt sted og til en bestemt tid (Reich, 1996, s.12).

Mykje har skjedd sidan 1996. I nyare litteratur kan det sjå ut som at fokuset har skifta frå ein strukturell, konkret og fast definisjon, til ein meir open og flytande definisjon. Eriksen (2020, s.45) sin definisjon er eit eksempel på dette. Ho skriv at «en samlingsstund kan ha ulike formål, foregå på mange steder, ha forskjellig innhold og være oppbygd på ulike måter. Det er med andre ord ingen fasit på hva en samlingsstund er og hvordan den skal bygges opp og gjennomføres».

I følgje den nynorske ordboka er ordet samling definert som «det å samle seg» («Samling», 2021). Litteraturen beskriv derimot at ei samlingsstund i barnehagen handlar om meir enn å berre samle seg. Ei samlingsstund handlar ikkje berre om å vere saman, då innhaldet i ei samlingsstund er mykje meir komplekst enn andre situasjonar der ein er saman, som under måltid eller i uteleik (Schei og Duus, 2016, s.50). Under ei samlingsstund handlar det å samlast, om å vere saman om noko, ein held på med ein felles aktivitet og har eit felles fokus på det som skjer (Eriksen & Isaksen, 2020, s. 13).

I Moe (2014, s.3) sin definisjon finn vi også fellestrekk til det som Eriksen og Isaksen skriv, ho definerer samlingsstunda slik: «For meg er begrepet «samlingsstund» all den tiden voksne og barn bruker for å samle oss om noe vi er interessert i og fokuserer på». I følgje henne er ikkje samlingsstund berre den tida der vi sitt i ein ring ilag. Det kan også vere små stunder som oppstår på tur eller under fri leik, der ei lita gruppe har eit felles fokus på ein aktivitet eller noko anna som føregår.

### 2.3.2 Organisering av samlingsstund

Organisatoriske og fysiske rammer handlar blant anna om gruppestørrelse, tid, lokale og materiale (Reich, 1996, s. 48). Brendeland (2009, s.173-174) skil mellom fysiske rammer som tid og rom, og menneskelege rammer som foreldre, barn og personale. Dei yngste barna i barnehagen treng faste rutinar og klare og tydelige rammer i barnehagen. God organisering som skaper ein føreseieleg kvardag for dei yngste barna, inneber blant anna å ha ein tydelig start og ein tydelig slutt på ulike situasjonar (Drugli, 2017, s. 164). Når ulike aktivitetar er godt organisert blir barna trygge, rolige og meir samarbeidsvillige. Dette fører til at det blir lettare for barna å mestre aktivitetane (Drugli, 2017, s. 165).

#### Det fysiske rommet – Kvar og korleis sit vi?

Samlingsstund i barnehagen blir gjennomført i ulike rom, alt etter kva barnehagen har tilgjengelig. Nokon barnehagar har reine samlingsrom utan så mykje møblar og visuell støy. Andre tek i bruk kjøkkenet, garderoben eller samlingskrokar på avdelinga (Brendeland, 2009, s. 102).

«Alle fysiske rom virker på oss, men vi er ikke alltid klar over det» (Schei og Duus, 2016, s.52). Dette gjeld også for samlingsstunda. Rommet som samlingsstunda blir gjennomført i kan vere forstyrrende eller hjelpe til å støtte opp under det samlingsstunda handlar om. Atmosfæren i rommet vil påverke samlingsstunda. Korleis ein vel å møblere og dekorere rommet vil påverke om vi klarer å skape den stemninga vi ynskjer. Av den grunn er det viktig å ha eit bevisst forhold til kva ein møblerer og dekorerer rommet eller samlingskroken med (Eriksen, 2020, s. 51). Lyssetting under samlingsstunda er eit verktøy ein kan ta i bruk for å skape ønska stemning (Schei & Duus, 2016, s. 59).

Brendeland (2009, s.45) viser til Rita Dunn sin teori om ulike måtar å lære på. Dunn meiner at omgivnadane vi er i, påverkar om vi klarer å lære noko. Ho har undersøkt korleis omgivnadane påverkar konsentrasjonen til barn som går på skule. Brendeland (2009, s.47) har overført desse undersøkingane til korleis omgivnadane kan påverke barn sin konsentrasjon under samlingsstunda. Dersom barna får sitte på golvet, mjuke puter eller madrassar vil dei konsentrere seg betre under samlingsstunda (Brendeland, 2009, s.47). Når ein vel korleis og kva barna skal sitte på må det også takast eit bevisst val i forhold til det som skal gjerast under samlingsstunda. Dersom aktivitetane krev meir dynamikk og fleksibilitet i forhold til kvar barna skal sitte og bevege seg kan det vere lurt å sitte på golvet, med god plass rundt seg (Schei & Duus, 2016, s. 58).

I Reich (1996, s.12) sin definisjon på samlingsstund, sit barna oftast i sirkel. Moe (2014, s.124) skriv at barna helst burde sitte i ein halvsirkel. Ho grunngir dette med at alle barna får mogelegheit til å sjå den som har samlinga og den som har samlinga ser alle barna. Dersom vi sit i sirkel, får ikkje den som leiar samlinga sett skikkelig dei barna som sitt nærmast (Moe, 2014, s. 124). Når ein sit i ring kan denne vere med på å gi signal om at alle er like viktig. Blir det brukt ein halvsirkel blir den som leiar samlinga meir synleg og får ein tydelegare leiarposisjon (Eide et al. 2012, s.5).

Å plassere barna framfor den vaksne kan vere nyttig dersom det er formidling frå den vaksne som er sentralt. Dersom ein vil at barna skal vere meir delaktig er det viktigare at barna er plassert nær den vaksne og helst i ein sirkelform (Eriksen, 2020, s. 52). Når personalet skal organisere kvar og korleis barnegruppa skal sitte, burde

dei ta i bruk si faglige kompetanse og kjennskap til barna i vurderinga (Schei & Duus, 2016, s. 57).

#### Varighet og tidspunkt på dagen

Når ein skal planlegge og gjennomføre ei samlingsstund må ein vere bevisst på tida, både når det gjeld tidspunkt på dagen og kor lenge samlingsstunda skal vare (Eriksen, 2020, s. 50). I følge Reich (1996, s.12) sin definisjon skjer samlingsstunda til eit bestemt tidspunkt på dagen. Moe skriv (2014, s.3) at samlingsstunda kan skje når som helst i løpet av dagen.

Reich (1996, s.34) refererer til Moberg (1945) når ho skriv at samlingsstunda burde gjennomførast etter at barna har vore nokre timar i barnehagen og leika fritt. Bakgrunnen for det er at barna er fulle av energi når dei kjem til barnehagen og må få utløp for denne først. Ein annan faktor kan vere at «det kan være vanskelig å opprettholde konsentrasjon og engasjement om ungene er slitne og trøtte eller om samlingsstunden er for langvarig» (Eriksen, 2020, s. 50). I litteraturen står det lite om kva langvarig vil seie og kor lenge det er ideelt å halde på med samlingsstunda. I følge Elsa Köhler (1879-1940) som Brendeland (2009, s. 25) viser til burde ikkje samlingsstunda vere i meir enn 20-30 minutt. Dette støttast også av Reich (1996, s.17) som skriv at det vanlegaste er at samlingsstunda varer i 20-30 minutt.

#### Størrelsen på gruppa

Når ei samlingsstund skal organiserast må det takast eit val om kor mange barn som skal delta. Den kan bestå av alle barna, eller barn i mindre grupper (Åberg & Taguchi, 2006, s. 45). Tal på barn burde vurderast ut frå kva som er formålet med samlingsstunda. Skal vi synge saman eller ha eit teater for barna kan gruppa vere større enn dersom ein vil at barna skal få ordet og samtale (Brendeland, 2009, s. 82). Åberg og Taguchi (2006, s.39) erfarte at når barna var delt inn i små grupper fekk barna «... helt nye muligheter til å lytte, stille spørsmål og diskutere».

Askland (2011, s.111) skriv også at når ein samlar heile barnegruppa må innhaldet vere avgrensa. Han skriv at årsaka til dette er at i ei stor barnegruppe vil barna vere på veldig ulike modningsnivå og dette vil påverke om ein klarer å samle alle barna om eit felles interessefelt. Han skriv vidare at «Å dele gruppa inn i mindre grupper

etter modning, interesse og aktivitet er en arbeidsform som gir bedre tid til å lytte til hverandre og til å gi barnet en sjanse til å delta» (Askland, 2011, s. 111).

### 2.3.3 Innhaldet i samlingsstunda

Ved planlegging av innhald i samlingsstundene er det viktig å la barna få medverke. Det vil blant anna seie å bruke barna sine interesser som grunnlag (Moe, 2014, s. 119). Den pedagogiske leiaren kan også presentere nye tema for barna som kan vekke nysgjerrighet og interesse hjå barna (Olofsson, 2010, s. 136). Dersom vi finn dei rette inntrykka og opplevingane som treffer, kan vi bli imponerte over dei yngste barna sin konsentrasjon, engasjement og evne til å lære (Brendeland, 2009, s. 83).

Dersom innhaldet skal ha verdi for barna burde dei få vere delaktige under samlingsstunda (Åberg & Taguchi, 2006, s. 45). Ein kan legge opp til ulike typar innhald som fører til at barna får ta del i samlingsstunda. Samtale, song og songar med bevegelse er eksempel på aktivitetar der barna får mogelegheit til å vere aktive deltakarar gjennom verbal og kroppsleg kommunikasjon. Song og bevegelse har ei positiv effekt på menneske, det er gøy og ein kan oppleve tilhøyrslse til gruppa når ein syng og beveg seg saman (Olofsson, 2010, s. 70).

Det er heilt sentralt at ein legg opp til ein balanse mellom bevegelse og kvile under samlingsstundene (Reich, 1996, s. 33). Ei samlingsstund tek heller ikkje alltid utgangspunkt i berre ei forteljing. Under samlingsstunda treng barna variasjon i form av innslag med ulike element, dei treng bevegelsar, lyd, forskjellige sjangrar, fortellingar og litteratur (Moe, 2014, s.119; Eriksen, s.49). Schei og Duus (2016, s.50) beskriv denne oppbygginga godt: «Et karakteristisk trekk ved en samlingsstund er at den består av mange ulike elementer, små «numre» satt sammen i en rekkefølge, planlagt, regissert og gjennomført av barnehagelæreren».

Ei samlingsstund kan ha forskjellig innhald, og det er ingen fasit på kva den skal innehalde (Eriksen, 2020, s. 45). Eriksen og Isaksen (2020, s.13) skriv at innhaldet i samlingsstundene kan knytast tett opp til kunstfaga i barnehagen. Årsaka til det er at samlingsstundene ofte inneheld fortelling, dramatisering, song, speling, visuell kunst og leik. Schei og Duus (2016, s.50) trekkjer også fram noko av det same innhaldet, som song og speling, men legg også vekt på å bevege seg saman. Vanlige innslag

kan også vere samtale, namneopprop, været, dato og informasjon (Reich 1996, s.17; Oloffsson 2010, s.19).

#### Visuelle hjelpemiddel

«I Barnehagen er artefakter for eksempel leker, materiell, verktøy, utstyr eller bruksting som brukes i det pedagogiske arbeidet i barnehagen» (Møen, 2019, s. 60). Dagens barn er meir vande med visuelle inntrykk, kontra å sitte og lytte til ein vaksen. Det krev at ein tek i bruk visuelle hjelpemiddel under samlingsstunda (Brendeland, 2009, s. 33). Barn likar å studere bilete, både stillbilde og levande bilete. Gjennom plakatar, plansjar, pc, projektor eller «den gode gamle flanellografen» kan ein gi barna det visuelle som dei treng (Brendeland, 2009, s.33).

Under samlingsstunda kan det vere vanlig å ta i bruk artefakter for å illustrere ei forteljing for barna eller for å vise konkrete songtitlar (Schei & Duus, 2016, s. 157). Bruk av konkretar under samlingsstund kan vere med på å forsterke innhaldet i ei forteljing, og er med på hjelpe barna å organisere forteljinga rundt konkretane (Dardanou & Pesch, 2020, s. 24-25). Wood (2009, s.51) fann i si mastergrad at personalet tek i bruk visuelle hjelpemiddel under samlingsstund. Dei brukar både biletkort til songar, flanellograf og seg sjølve med utkleddingskle til dramatisering for barna.

## 3. Forskingsmetode og datagrunnlag

### 3.1 Val av metode

I følge Dalland (2017, s. 52) er metoden den reiskapen vi brukar for å samle inn data til ei undersøking. I denne oppgåva har eg valt å bruke ei kvalitativ metode for å undersøke problemstillinga. Grunnen til dette er at ei kvalitativ metode går meir i djupna og kan gi ulike svar som ikkje er gitt på forhand. Ei kvalitativ metode kan også få fram det som er spesielt eller avvikande (Dalland, 2017, s. 53).

I utgangspunktet såg eg føre meg at observasjon ville vere den beste metoden for å finne svar på problemstillinga mi. Observasjon var ikkje mogeleg på grunn av situasjonen med Covid-19. Gjennom observasjon ville eg sett korleis pedagogiske leiarar organiserer samlingsstund og kva innhald dei brukar. No måtte dei beskrive det i eit intervju. Fordelen med intervju er at eg kanskje kan få eit meir heilskapleg bilete av innhaldet i samlingsstundene over tid. Under eit intervju kan den pedagogiske leiaren beskrive kva dei gjer i løpet av eit heilt år. Observasjon ville berre gitt meg eit blick på få samlingsstunder i eit kort tidsrom.

Med dette som bakgrunn vart metoden semistrukturerte individuelle intervju. Ein av fordelane med denne metoden er at den gir nærleik til feltet som ein forskar på (Dalland, 2017, s. 53). På grunn av den pågåande covid-19 pandemien såg eg føre meg at det kunne vere vanskelig å finne informantar som ville stille til eit intervju der vi møttest fysisk. Då eg sende ut førespurnad om intervju valde eg difor å gi informantane mogelegheit til å velje mellom intervju der vi møttest fysisk og postintervju. Dette gjorde eg for å vise at eg tok pandemien på alvor og respekterte eventuelle bekymringar på grunn av smittefare. I utgangspunktet skulle eg møte tre av informantane til intervju i barnehagen. Eit av desse intervju vart omgjort til eit intervju på zoom. Med tanke på personvern kan ikkje årsaka til det utdjupast. Den fjerde informanten svarte på postintervju. Fordelen med postintervju er at intervjupersonen kan svare på spørsmåla når det passar han eller henne. Ulempa er at ein ikkje får mogelegheit til å stille oppfølgingsspørsmål undervegs i intervjuet (Dalland, 2017, s. 126).

### 3.2 Val av informantar

Då eg valde informantar tok eg eit strategisk val. Bakgrunnen for at eg valde pedagogiske leiarar var det to årsakar til. For det første er det den pedagogiske leiaren som har ansvar for å setje i verk og leie det pedagogiske arbeidet i barnehagen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 16). Den andre årsaka ligg i Håberg (2015) si doktorgradsavhandling. Ho studerte kva yrkesgruppe som planla innhaldet i og organiserte samlingsstundene. I studien viste det seg at «barnehagelærarane i preaktiv fase planlegg både rammefaktorar som gjeld organisering av dei vaksenleia aktivitetane, og innhaldet på desse aktivitetane» (Håberg, 2015, s. 202).

Det var også eit strategisk val å bruke informantar som arbeida med barn i alderen 1-3 år. Dette fordi det er denne aldersgruppa oppgåva fokuserer på. Informantane som er med i studien har arbeida som pedagogisk leiarar på småbarnsavdeling mellom 1-10 år. Erfaring frå arbeid i barnehage ligg mellom 8-25 år. Fleire av informantane har hatt ulike stillingar i barnehagen, både som vikar, assistent, barne- og ungdomsarbeidar, styrar, og no pedagogiske leiarar.

For å få tak i informantar sende eg e-post til styrarar i ulike barnehagar og dei vidaresende e-posten til personale som kunne vere aktuelle. For å verne om personlege opplysningar skjedde all kommunikasjon med informantane på e-post. Dei fire som svarte at dei ville stille til intervju fekk først tilsendt eit infoskriv med samtykkeskjema. Deretter avtalte vi tidspunkt og stad for å møtast til intervju. Den eine informanten som skulle svare på postintervju fekk beskjed om å sende samtykkeskjema tilbake til meg, før eg kunne sende ut intervjuguiden.

### 3.3 Førebuingar og gjennomføring av intervju

For at eit intervju skal bli vellykka er ein avhengig av eit godt forarbeid. Først og fremst må ein tenke over korleis og kva informasjon ein sender ut til informantane. Ein må vite kva ein vil ha ut av intervjuet og vere forberedt på å stille relevante oppfølgingsspørsmål (Dalland, 2017, s. 77). For å utarbeide ein god intervjuguide og gjere meg godt kjend med temaet starta eg med å lese meg opp på litteratur og tidlegare forskning om temaet. Dette var svært nyttig for å formulere spørsmål som var relevante til problemstillinga. Samtidig som dei var knytt til litteratur og tidligare



forsking. Ein godt gjennomarbeidd intervjuguide er viktig for å halde seg til temaet og for å hugse å spørje om alt du vil ha svar på. Det er også ein fordel å vere bevisst på at samtalen og svara som intervjupersonen gir er med på å utvikle spørsmåla ein har. Av den grunn kan det vere nødvendig å gjere små justeringar på spørsmål undervegs i intervjuet (Dalland, 2017, s. 78).

Alle informantane fekk tilsendt intervjuguiden i forkant av intervjuet. Dette var det fleire årsaker til. Først og fremst fekk dei mogelegheit til å forberede seg, slik dei kunne svare utfyllande og konkret på dei spørsmåla som kravde det. For det andre tenkte eg at intervjuprosessen blei meir effektiv, fordi informantane trengte mindre tid til å tenkje når dei hadde førebudd seg på forhand. Eg såg også føre meg at nokre av spørsmåla kunne vere utfordrande å svare utfyllande på, dersom dei måtte svare på sparket. Dette gjaldt spesielt spørsmåla som omhandla innhaldet i samlingsstundene. Barnehagen gjer mykje forskjellig i løpet av eit år, å skulle svare på alt utan å ha tenkt litt og notert ned på forhand, såg eg på som ei utfordring.

Intervjua vart tatt opp gjennom diktafon-app, som sendte fila vidare til eit nettskjema. I forkant av intervjuet brukte eg tid på å gjere meg kjend med nettskjema og diktafon-appen. Eg utførte testopptak for å sjå kor lang avstand det måtte vere mellom eining og den som vart intervjuet. Eg oppretta også ulike skjema for intervjua og kalla dei for intervju ein, to og tre. I forkant testa eg at det tekniske fungerte som det skulle, slik eg unngjekk å bruke unødvendig tid på dette når eg møtte informantane. For å sikre meg mot teknisk svikt tok eg opp intervjua på to einingar. Intervjua som vart tatt opp resulterte i tre opptak som varte mellom 25-30 minutt.

### 3.4 Transkribering

«En vanlig måte å bearbeide intervju på, er å skrive ned ord for ord det som er sagt» (Dalland, 2017, s. 88). Etter intervjua var gjennomført sette eg i gang med å transkribere opptaka. Dette var ein tidkrevjande prosess som kravde fullt fokus og nøyaktighet. Til tross for dette, opplevde eg prosessen som svært nyttig fordi eg fekk ein nærleik til og ei god oversikt over datamaterialet. Dalland (2017, s.88) skriv at når vi transkriberer er det lett at vi misser noko. Målet med transkribering er å ta vare på mest mogeleg av det som vart sagt under intervjuet. For å vere sikker på at eg fekk

med meg alt hørde eg gjennom opptaka fleire gongar. Eg spola tilbake, starta og stoppa opptaket fleire gongar, slik at eg fekk skreve ned alt som vart sagt.

### 3.5 Kvalitet av studien

#### 3.5.1 Validitet, reliabilitet og generalisering

Omgrepet validitet betyr relevans og gyldighet. Dette inneber at informasjonskjelda, innsamla data og litteratur må vere relevant til det som problemstillinga spør om (Dalland, 2017, s. 40). For at informasjonskjelda skulle vere relevant til problemstillinga forsikra eg meg om at intervjupersonane arbeida med dei yngste barna. Eg spurte også om kor lenge dei hadde arbeida i barnehage, for å få eit overblikk over kva deira erfaringar var basert på.

Intervjuguiden legg grunnlaget for om innsamla data blir relevant. Slik eg tolkar Dalland (2017, s. 60) er spørsmåla som blir stilt under intervjuprosessen noko av det viktigaste under innsamling av data. Han skriv vidare at spørsmåla må vere direkte knytt til problemstillinga som du ønsker å undersøkje. Dette for å få relevante svar på det du vil forske på. Som eg nemnde tidligare i oppgåva las eg meg opp på teori og forskning før eg byrja å utarbeide ein intervjuguide. Dette gjorde at eg fekk god kjennskap til temaet og kunne stille relevante spørsmål under intervju, både planlagde spørsmål og oppfølgingsspørsmål.

Utfordringa med intervjuguiden var å formulere spørsmåla slik at eg fekk svar som er relevante for problemstillinga. Korleis eg forstår spørsmåla og korleis intervjupersonen forstår spørsmål vil kunne vere noko ulikt. Når eg utarbeida spørsmåla prøvde eg å formulere dei slik at den som skulle bli intervjuet ville forstå kva eg ville fram til med spørsmålet. For å sjå korleis spørsmåla kunne bli forstått spurte eg medstudentar og barnehagelærarar om kva dei ville svart på ulike spørsmål. Slik oppdaga eg at nokon av spørsmåla var litt uklare. Dette førte til at eg fekk gjort justeringar på spørsmåla før eg skulle ut å intervjuet.

Ei utfordring i forhold til litteratur og forskning er relevans i forhold til problemstillinga. Det meste av litteraturen handlar generelt om samlingsstund og tek ikkje spesifikt føre seg dei yngste barna. Tidlegare forskning om samlingsstunda handlar i stor grad

om eldre barn i barnehagen. Dette kan føre til at oppgåva gir eit meir generelt syn på samlingsstund.

Når ein gjennomfører eit intervju er det fleire faktorar som kan påverke om informasjonen blir påliteleg. Pålitelegheit eller reliabilitet handlar om at informasjonen som er presentert i oppgåva er til å stole på (Dalland, 2017, s. 55). Redusert pålitelegheit kan førekomme dersom spørsmål blir misforstått under intervjuprosessen og om meiningsinnhaldet blir endra på under transkribering (Dalland, 2017, s. 60). Først og fremst er det viktig å vere bevisst på at det kan skje, for å unngå at det skjer. Vidare har eg fokusert på å vere nøyaktig og presis i alle delar av arbeidet, både då eg utarbeida intervjuguiden, under intervjuet og då eg transkriberte. Dersom det oppstod usikkerheit under intervjuet forsikra eg meg om at intervjupersonen hadde forstått spørsmålet.

Val av metode kan også ha vore med på å svekke pålitelegheita. Tidlegare skreiv eg at observasjon var den metoden eg eigentleg ønska å nytte. Observasjon hadde gitt mogelegheit til å sjå korleis dei pedagogiske leiarane organiserer samlingsstund, og kva innhald dei har i samlingsstundene. Det folk seier at dei gjer kan vere noko heilt anna enn det dei faktisk gjer (Dalland, 2017, s. 97). Tidlegare forskning på same tema er basert på lydopptak, videoobservasjonar og observasjonsnotat (Sønstabø, 1978; Eide et al., 2012; Håberg, 2019). Dette viser at observasjon hadde vore den beste metoden for å få eit realistisk blikk på problemstillinga. Dersom eg hadde nytta observasjon ville dette styrka oppgåva si reliabilitet.

Når ein skal generalisere ei undersøking eller forskning er det ein føresetnad at utvalet er representativt. Utvalet skal gi eit stort sannsyn for at resultatet gjeld for heile populasjonen (Dalland, 2017, s. 147). I kvalitative studiar er det eit lite utval personar som er med. Mi undersøking består berre av fire personar, frå eit avgrensa geografisk areal i Noreg. Den kan difor i liten grad generaliserast.

### 3.5.2 Analyse av datamateriale

Når datamaterialet frå intervjuet er samla inn og transkribert skal materialet analyserast. Målet med ei analyse er å finne innhaldet i intervjuet, kva intervjuet faktisk kan fortelle oss om temaet (Dalland, 2017, s. 87). Under ei slik analyse skriv

Postholm og Jacobsen (2011, s.102) at målet er å finne eit system, eit mønster og ei meining i materialet. Vidare skriv dei at «et mønster innebærer at det finnes en struktur som kan gjøre prosessene og fenomenet som studeres, mer oversiktlig og håndterlig».

For å få til dette nytta eg meg av tre element som Postholm og Jacobsen (2011, s.102) trekk fram som viktige for å klare å finne eit mønster. Først og fremst må delane takast i frå kvarandre og studerast i mindre delar etter tema. Her brukte eg tema frå intervjuguiden som utgangspunkt. Den var allereie inndelt etter tre tema som handla om generelle spørsmål om samlingsstunda, organisering og innhaldet i samlingsstunda. Deretter delte eg det opp endå ein gong, i undertema som var knytt til spørsmåla i intervjuguiden. Under kvar kategori noterte eg ned det som vart sagt under intervjuet i dei passande kategoriane. Det overflødige materiale som ikkje var relevant for problemstillinga vart trekt ut. Her tok eg føre meg eit og eit intervju.

Neste steg var å sette delane saman igjen for å skape ei heilheit og djupare forståing for materialet. I denne delen av analysen kjem den hermeneutiske spiral inn. «Den hermeneutiske spiral innebærer at hver enkelt del blir studert for å få bedre forståelse av helheten» (Postholm & Jacobsen, 2011, s. 102). I denne delen av analysen utarbeida eg eit analyseskjema der dei ulike kategoriane vart plassert i kolonnar nedover og svara frå dei fire informantane stod i kolonnar ved sidan av kvarandre. Slik fekk eg samla alt datamateriale ilag. Dette gjor at det var enklare å få ei oversikt, samt sjå likskapar og ulikskapar i datamaterialet.

Den siste delen av analysen omfattar det som Flick (2006), referert til i Postholm og Jacobsen (2011, s.103) skriv om at datamaterialet må bli forstått og fortolka. Dette betyr at eg som forskar må tilføre materialet meining. For å få til dette såg eg på mine funn opp mot litteratur og tidligare forsking. Eg såg på ulikskapar og likskapar mellom intervju, litteraturen og tidligare forsking. Deretter byrja eg å sette litteraturen og tidlegare forsking saman med mine empiriske data. Når eigne funn blir støtta opp med litteratur og tidligare forsking er dette på å styrke og bygge opp tillit til eigne forklaringar i oppgåva (Dalland, 2017, s. 88).

### 3.5.3 Forskingsetiske vurderingar

«Forskingsetikk er et ... område av etikken som har med vurdering av forskning i forhold til samfunnets verdier og normer» (Dalland, 2017, s. 236). I arbeidet med bacheloroppgåva stod eg over for etiske utfordringar. Eit grunnleggjande prinsipp innanfor forskingsetikken er at eit informert, skriftlig og frivillig samtykke er gitt av deltakaren (Befring, 2015, s. 31). Sidan eg brukte intervju som metode innhenta eg samtykkeskjema frå informantane. Eit samtykkeskjema inneheld direkte og indirekte opplysningar om informanten, som namn og stilling i barnehagen (Dalland, 2017, s. 237). For å ivareta informantane sin anonymitet vart samtykkeskjema plassert i ein perm som vart oppbevart separat frå anna materiale til bacheloroppgåva.

Som eg skreiv tidligare vart intervjuet teke opp med lyd opptak. Eg brukte diktafon-app og nettskjema, som er ei godkjend metode for slike forskingsprosjekt. Denne type opptak sikrar trygg lagring og er ikkje tilgjengelig for andre. Opptaket blir sendt frå appen til nettskjema, når opptaket er avslutta og ein trykkjer send inn. Dette gjorde at filene ikkje låg lagra på mine private einingar. Filene låg lagra i nettskjemaet, og var passordbeskytta med mi personlige FEIDE-innlogging. Lyd opptaket vart ikkje spelt av for nokon andre, for å unngå at nokon kunne kjenne igjen stemmene på dei som vart intervjuet. Når prosjektet er avslutta blir filene sletta frå nettskjema.

Under transkribering av intervjuet møter ein også etiske problemstillingar som ein må ta omsyn til. Først og fremst må ein ta omsyn til personvern når ein skriv det som informantane har sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 97). Under intervjuet nemnte fleire av informantane namnet på barnehagen dei arbeidde i, kvar dei hadde studert, bodd og arbeidd tidligare. For å sikre at informantane si identitet ikkje kunne sporast tilbake gjennom transkriberinga valde eg å skrive «sted» der dette vart sagt.

Når ein transkriberer må ein også tenkje over «hva det vil si å foreta en lojal skriftlig transkripsjon av intervjupersonens muntlige uttalelser» (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 97). Eg valde difor å skrive ordrett det informantane hadde svart, med fullstendige setningar med komma og punktum der det var naturleg. Ein lojal skriftleg transkripsjon opplevde eg som viktig, då eg skulle presentere informantane sine svar i oppgåva.

Når dei les oppgåva skal dei kjenne seg igjen i svara som blir presenterte. Av den grunn var det nyttig at eg ikkje hadde forandra på det dei sa under transkriberinga.

I oppgåva er det utarbeida kodar for informantane slik at informasjonen ikkje kan sporast tilbake til personen som har delt opplysningane. Dette gjorde eg for å verne om informantane sitt personvern. Eg har valt å kode informantane med talkodar, og dei blir omtalt som informant 1, 2, 3 og 4 i oppgåva.

## 4. Presentasjon av data

I denne delen av oppgåva blir svara frå intervjuprosessen presentert. Presentasjonen er delt inn i to av hovudkategoriane frå intervjuguiden: organisering av samlingsstunda og innhaldet i samlingsstunda.

### 4.1 Organisering av samlingsstunda

Først og fremst seier informant 1 og informant 2 at faste rammer og rutinar er særskilt viktig for dei yngste barna når ein skal organiserer ulike situasjonar i barnehagekvardagen. Alle informantane svarer at samlingsstunda blir gjennomført inne på avdelinga. Tre av fire informantar har ein fast samlingsplass. Informant 3 gjer det på ein annan måte og seier at «Vi sit der det passar, der vi er når ting skjer. Der som bilete heng, eller der som boka låg». Informantane har valt ulike underlag som barna sit på. På avdelinga til informant 1 sit alle barna alltid på golvet, forma som ein oval. Informant 2 seier at dei har to benkar, men barna får også sitte på golvet nedom benkane eller på eit fang dersom dei vil det. Informant 3, som ikkje har ein fast samlingsplass, fortel at barna kan sitte på golvet, på matta eller på små stolar når dei samlast. Informant 4 seier at dei sit i sofaen, på matter og på små stolar. Både informant 2 og informant 4 fortel at den som leiar samlingsstunda sit framfor barna.

Det er berre ein av informantane som fortel at dei har utarbeida ein samlingskrok som er innreia etter tema som avdelinga arbeidar med i periodar. Informant 2 beskriv samlingskroken sin slik:

Vi har laga til veldig fint, det er litt magisk på ein måte. Akkurat no hadde vi snø og vinter som tema, då laga vi skyer, snø, regnbue og litt forskjellig. Vi har også ein duk opp i taket, dette gjer at det blir litt intimt.

På spørsmålet om når på dagen informantane gjennomfører samlingsstund er det tydelig i svara at planlagde samlingsstunder blir gjennomført på formiddagen, altså før barna et lunsj. Informant 2 fortel at dei gjennomfører morgonsamling før dei går ut. Informant 4 skriv at dei har samling etter dei har vore ute, rett før lunsj. Informant 1 seier at dei som regel gjennomfører samlingsstund rett før lunsj, men dersom dei

skal presentere eit nytt tema kan dei ha den tidlegare på dagen. Informant 3 seier at dei ikkje har noko fast tidspunkt for samling. Dei organiserte skjer før lunsj ein gong, men det er aldri eit fast tidspunkt. Informant 3 og informant 4 fortel at deira samlingsstunder varer frå eit par minutt til 10 minutt. Informant 1 svarer at deira samlingsstunder varer maks 20 minutt. Dersom dei har songsamlingar varer desse i ca 10 minutt. Informant 2 seier at deira samlingsstunder varer ca 15 minutt, og det held for dei yngste.

Alle informantane fortel at dei organiserer barnegruppa i både små og store grupper når det blir gjennomført samlingsstund, men i varierende grad. Informant 1 svarer at dei av og til er alle, og av og til delt. Informant 2 seier at dei stort sett alltid er alle barna, men kan av og til dele inn i aldersinndelte grupper, spesielt dersom dei skal lese bok. Informant 3 svarte at samlingsstundene som regel var organisert i mindre grupper på 3-4 barn. Det var stort sett berre ein gong i veka dei samla alle barna samtidig til samling. Informant 4 svarte: «Vi brukar å ha heile barnegruppa på denne daglege samlinga. På spontane samlingar elles har vi ofte mindre grupper». Når alle barna er samla samtidig varierer gruppestørrelsen frå 8-13 barn i dei fire barnehagane som vart studert.

To av fire informantar svarer at dei har samling ilag med heile barnehagen på spesielle dagar som nissefest, samenes nasjonaldag og karneval. Informant 1 fortel at dei har samling saman med heile barnehagen ein gong i månaden. Informant 2 seier at dei brukar å arrangere samling ilag med den andre småbarnsavdelinga, der dei syng i kor ilag.

## 4.2 Innhaldet i samlingsstunda

På spørsmålet om kva som la grunnlaget for val av innhald var det to likskapar som kom tydelig fram i alle sine svar. Alle informantane svarte at barnehagen sitt tema og barna sine interesser, innspel og initiativ var viktige faktorar når innhaldet i samlingsstunder skulle planleggjast. Informant 1 og informant 4 påpeikar spesifikt at rammeplan som vidare er forankra i årsplan og emneplan ofte legg grunnlaget for val av innhald. Informant 3 fortel at dei har kristen formålsparagraf, og innhaldet kan bli styrt av denne, i form av bibelforteljingar eller kristne songar. Informant 2 og 3 legg



vekt på at innhaldet skal vere tilpassa barna sine veremåtar, og innhaldet må tilpassast slik at barna får bruke kroppen og sansane sine.

Når det gjeld innhaldet i samlingsstundene er det to klare overordna fellesnemnarar for alle fire informantane. Den første er song og musikk. Alle informantane svarer at song blir brukt under samlingsstund, og spesielt songar med bevegelsar. Den andre fellesnemnaren som går igjen med alle informantane er eventyr, forteljing eller lese bøker. Vidare ut over dette kjem det også fram andre typar innhald i samlingsstundene. Informant 1 og informant 3 seier også at dei har leikesamlingar. Samtale vart ikkje nemnt som ein eigen programpost under samlingsstunda, men det kom fram under intervjuet med Informant 1 og informant 3 at samlingsstundene kan bestå av samtale. Når ein samtalar med barna, er det i følgje informant 1 viktig med fokus på dialog med barna og ikkje monolog. Informant 3 fortel at samtalan ofte er basert på bilete som blir studert og diskutert ilag med barna.

Det kan sjå ut som at alle informantane ikkje praktiserer samlingar som berre har ein type innhald. Informant 1 seier at «Av alle desse ulike typene samling prøvar vi å få inn litt av alt i ei samling, for å skape denne variasjonen». Både informant 1 og informant 2 seier at det einaste dei har reine samlingar med er songsamlingar, som berre består av song og musikk. Informant 2 seier at «Vi vel ofte songsamlingar med musikk, då dansar dei, hoppar og spretter. Det er det dei treng, dei skal ikkje sitte i ro å lære». Både informant 1, 2 og 4 fortel at dei alltid startar og/eller avsluttar med ein fast song, og innhaldet i midten av samlinga kan variere. Informant 2 og informant 4 brukar alltid å syngje ein namnesong, for å sjå kven av barna som er tilstade.

Då informantane fekk spørsmål om det var noko som dei meinte var spesielt viktig for dei yngste barna under samlingsstund var alle spesielt opptatt av at visuelle hjelpemiddel som konkretar eller bilete er ein viktig del av samlingsstunda. Informant 4 meiner at det er eit krav å ha med konkretar, og informant 1 seier at ein aldri skal kome tomhendt til samling.

Dei svarer også mykje likt på kva type materiale og rekvisittar dei tek i bruk. Her blir først og fremst konkretar nemnt av alle. Tre av fire informantar nemner at dei brukar å samle figurar, dyr eller leiker i posar eller boksar, og desse blir brukt til at barna får

trekke. Deretter syng dei ein song om gjenstanden. Alle seier at dei brukar konkretar eller bilete under formidling av eventyr, forteljingar eller bøker. Informant 2 og 4 seier at dei brukar konkretar frå snakkepakken til dei eventyra som er i snakkepakken. Alle tek i bruk bøker. Tre av fire informantar fortel også at dei tek i bruk flanellograf under samlingsstund. Informant 1 fortel at dei har tatt i bruk projektor for å spele av ulike eventyr og forteljingar. Når dei tek i bruk denne brukar dei å dempe belysninga for å skape ei spesiell stemning. Informant 2 og 4 seier at dei tek i bruk musikkinstrument under samlingsstund. Tre av dei svarer også at dei tek i bruk songkort eller bilete med songtekstar på.

## 5. Drøfting

I denne delen av oppgåva blir empiri drøfta opp mot styringsdokument, tidlegare forskning og litteratur. Drøftinga er delt inn i dei same kategoriane som presentasjon av funn: organisering av samlingsstund og innhaldet i samlingsstunda.

### 5.1 Organisering av samlingsstund

Når ein skal organisere ulike situasjonar i barnehagekvardagen til dei yngste barna på ein god måte, inneber det at ein sørgjer for faste rutinar og klare og tydelege rammer (Drugli, 2017, s. 164). I datamaterialet kom det fram at tre av fire informantar hadde eit fokus på dette under samlingsstunda, og det kom fram på ulike måtar. Først og fremst seier informant 1 og informant 2 at faste rammer og rutinar er særskilt viktig for dei yngste barna.

Vidare ser vi at samlingsstunda er ein del av kvardagen i alle barnehagane. I tre av barnehagane skjer den omtrent alltid på same stad og på same tidspunkt dei dagane samlingsstund blir gjennomført. Tre av informantane fortel at dei alltid startar samlingsstunda på same måte, gjennom ein song eller verbal kommunikasjon om kva dei skal gjere. To av dei avsluttar også med ein fast song. Dette kan sjåast i samanheng med det som Drugli (2017, s.164) skriv om at barna treng aktivitetar som er organiserte slik at dei er føreseielege for barna. Det inneber blant anna at ulike situasjonar i barnehagekvardagen har ein tydelig start og slutt. Samla sett kan det sjå ut til at faste rammer og rutinar er ein føresetnad for at organiseringa skal opplevast som god for dei yngste barna.

Samlingsstunda i barnehagen kan gjennomførast på ein fast plass (Reich, 1996, s. 12), eller gå føre seg på mange ulike stadar (Eriksen, 2020, s.45). Dette samsvarar med mine funn. Tre av informantane seier at dei har ein fast plass på avdelinga, og ein av dei seier at dei sit kvar som helst på avdelinga. Alle informantane fortel at dei sit på avdelinga når samlingsstunder blir gjennomført. Ingen av dei har eit eige samlingsrom. I og med at Eriksen (2020, s.51) skriv at atmosfæren i rommet, og korleis ein møblerer og dekorerer rommet påverkar samlingsstunda, vart eg overraska over at det ikkje var fleire informantar som hadde fokus på dette. Det var berre ein av informantane som beskreiv at dei hadde dekorert samlingskroken sin

etter tema som dei held på med på avdelinga. Dette vil ikkje nødvendigvis seie at informantane ikkje meiner dette er viktig. Mangel på tid, rom og materiale kan vere moglege årsaker til at det ikkje er råd å møblere og dekorere slik ein ynskjer.

I følge informantane sit barna på golvet, matter, små stolar, benkar eller i ein sofa under samlingsstunda. Vi finn likskapstrekk i tidlegare forskning og litteratur (Schei & Duus, 2016, s.58; Håberg, 2019; Brendeland, 2009, s.47). Informant 1 svara at dei alltid sit på golvet, og at dette fungerer greitt for dei. Dette kan sjåast i samanheng med at det kan vere lurt å sitte på golvet dersom ein skal gjennomføre aktivitetar som krev dynamikk og fleksibilitet i forhold til kvar barna skal sitte og bevege seg (Schei & Duus, 2016, s. 58). Håberg (2019) fann også at barna sit i ein sofa, med stolar ved sidan av. Sidan informantane vel å sitte på golvet eller mjuke underlag som ein sofa og på madrassar, kan det tenkjast at dei tek omsyn til at barnehagebarn konsentrerer seg betre når dei sit på slike underlag (Brendeland, 2009, s. 47).

I litteraturen er det ulike meiningar om korleis barnegruppa burde sitte under samlingsstunda. Det ser vi også igjen i mine funn. Informant 1 fortel at dei alltid sit i ein slags oval. Eit argument som talar for å sitte i sirkelform er at den er med på å gi eit signal om at alle er like viktige (Eide et al., 2012, s.5). Barna får også vere meir delaktige når dei sit nær den vaksne og i ein slags sirkelform (Eriksen, 2020, s. 52). På den andre sida kan sirkelforma gi ei anna utfordring, då den som leiar samlinga ikkje får sett skikkelig dei som sit rett ved sidan av (Moe, 2014, s. 124).

Informant 2 og informant 4 seier at den som leiar samlinga sit framfor barna, og barna sit i ein slags halvsirkelform framfor. Dette ser vi også igjen i Håberg (2019) si forskning. Det er hensiktsmessig å organisere det slik, dersom det er formidling frå den vaksne som er sentralt (Eriksen, 2020, s. 52). Den som leiar samlinga får også sett alle barna, og alle barna får sett den som leiar samlinga (Moe, 2014, s. 124). Ei ulempe med halvsirkelen kan vere at leiaren får ein tydlegare leiarposisjon (Eide et al., 2012, s.5).

Basert på litteratur og mine funn kan det sjå ut til at det kanskje kan vere hensiktsmessig å variere mellom å sitte i sirkel og halvsirkel, då begge dele har sine fordelar og ulemper. Frå mitt perspektiv kan det sjå ut til at eit viktig poeng er at det

som skal gjerast under samlingsstunda burde påverke korleis ein vel å sitte. Sidan informantane organiserer samlingsstunda på ulike måtar, kan det tyde på at dei brukar si faglig kompetanse og kjennskap til barna når dei vurderer korleis dei skal organisere samlingsstunda (Schei & Duus, 2016, s. 57).

Som beskrive i kunnskapsgrunnlaget må ein vere bevisst på tidspunkt på dagen og varigheit på samlingsstunda når ein skal planlegge og gjennomføre ei samlingsstund (Eriksen, 2020, s. 50). Gjennom informantane sine svar kjem det fram både likskapar og ulikskapar på spørsmåla om dette, og dette ser vi også i litteratur og tidlegare forskning.

Både informant 1 og informant 4 fortel at dei gjennomfører samlingsstunda rett før lunsj, altså etter at barna har vore nokre timar i barnehagen og leika fritt. Dette kan støttast av Moberg (1945) som Reich (1996, s.34) refererer til. Moberg meiner at samlingsstunda burde gjennomførast etter at barna har vore ei stund i barnehagen, fordi barna treng å få utløp for energi og leike fritt før vaksenstyrte aktivitetar. Frå eit anna perspektiv skriv Eriksen (2020, s.50) at dersom barna er trøtte og slitne kan det vere vanskeleg å oppretthalde konsentrasjon og engasjement under samlingsstunda. Kanskje kan dette vere ein av årsakene til at informant 2 vel å gjennomføre morgonsamling. Informant 3 seier at dei brukar å variere når dei gjennomfører den planlagde samlingsstunda, men at den alltid skjer på formiddagen, før lunsj ein gong. At det er ulike svar på når informantane gjennomfører samlingsstund er i samsvar med tidlegare forskning. Sønstabø (1978) fann også i si hovudfagsstudie at det var ulik praksis på dette området i barnehagen.

Informant 1, 2 og 3 fortel at dei stort sett alltid gjennomfører samlingsstunda til eit fast tidspunkt kvar gong. Informant 1 seier at dei stort sett alltid gjennomfører samlingsstunda til eit fast tidspunkt, men dei kan i nokre tilfelle variere det litt. Her kan vi sjå at informantane støttar seg til det Reich (1996, s.12) skriv i sin definisjon på samlingsstund. Ho skriv at samlingsstunda blir gjennomført til eit fast tidspunkt på dagen. På den andre sida finn vi litteratur som seier at samlingsstunda kan skje når som helst i løpet av dagen (Moe, 2014, s. 3), og dette samsvarar med det som Informant 3 seier om at dei varierer tidspunktet for samlingsstund.

Eriksen (2020, s.50) skriv at barna kan misse engasjement og konsentrasjon om samlingsstunda er for langvarig, men kva er då for langvarig? Ut frå mine funn kan det sjå ut som at 20 minutt er maks tid for dei yngste barna, med atterhald om at denne tida stemmer overeins med det informantane faktisk gjer. I følgje Elsa Köhler (1879-1940) som Brendeland (2009, s.25) viser til, burde ikkje samlingsstunda vare i meir enn 20-30 minutt. Dette samsvarar til ei viss grad med mine funn, då mine informantar svarer at samlingsstundene varer mellom 5-20 minutt.

Eide et al. (2012) si forskning er mest samanliknbar med mine funn når det gjeld varigheit, på bakgrunn av at den handlar om den same aldersgruppa. I forskinga varte samlingsstundene mellom 5-39 minutt. Her ser vi ein viss forskjell på den lengste samlingsstunda i mitt datamateriale og den lengste samlingsstunda i Eide et al. (2012) si forskning. Det vil ikkje nødvendigvis bety at det i realiteten er så stor forskjell. Ein årsak til denne nokså store forskjellen kan vere at ei av samlingsstundene dei observerte varte i 39 minutt, medan dei andre var vesentleg kortare. Dette kjem ikkje fram i forskinga. Ein annan årsak kan vere at val av forskingsmetode har gitt datamaterialet ei svakheit på dette området. Som nemnt i metoddelen ville observasjon vore den ideelle metoden. Observasjon ville gitt eit meir realistisk svar på akkurat kor lenge samlingsstundene varer på dei avdelingane som er med i forskingsprosjektet.

Samlingsstund i barnehagen kan gjennomførast med alle barna samla, eller delt i mindre grupper (Åberg & Taguchi, 2006, s. 45). Ein kan også gjennomføre samlingsstunder med heile barnehagen samla (Brendeland, 2009, s. 96). Dette samsvarer med mine funn, der alle informantane seier at dei praktiserer både heile barnegruppa og mindre grupper under samlingsstund. Fleire av dei seier også at dei har samlingsstund ilag med andre avdelingar eller heile barnehagen på ein gong. Det kan sjå ut til at ein variasjon mellom store og små grupper kan vere hensiktsmessig, sidan formålet med og innhaldet i samlingsstunda er avgjerande faktorar for kor stor gruppa kan vere (Brendeland, 2009, s. 82).

Tidlegare forskning viser at størrelsen på gruppa ligg mellom 9-12 barn (Eide et al., 2012; Håberg, 2019). Dette samsvarar med mine funn, då informantane svarer at tal på barn ligg ein stad mellom 8-13 barn når alle barna er samla samtidig til

samlingsstund. Vi ser i Håberg (2019) si studie at avdelingane alltid delte barnegruppa når dei hadde samlingsstund, og tal på barn var då 12. Samanlikna med mine funn kan det tyde på at 12-13 barn burde vere eit maks tal. På den andre sida seier fleire av informantane at dei samlar heile barnehagen til felles samlingar eller har samling ilag med andre avdelingar. Ein kan stille seg kritisk til i kor stor grad ein klarer å ta omsyn til ulike modningsnivå og barna sine interesser, når ein samlar fleire avdelingar eller heile barnehagen til ei samlingsstund (Askland, 2011, s. 111). Under desse samlingsstundene kan det sjå ut til at det mest hensiktsmessige er å synge saman eller ha teater for barna (Brendeland, 2009, s. 82). Dette støttast av informant 2 som seier at dei syng i kor når dei har samlingsstund ilag med den andre småbarnsavdelinga.

## 5.2 Innhaldet i samlingsstunda

I følgje Stortingsmelding 41 skal innhaldet i barnehagen vere basert på barna sine interesser og dei sju fagområda (kunnskapsdepartementet, 2009, s. 60). Alle informantane svara at barna sine interesser er ein viktig faktor når dei skal planlegge innhaldet til samlingsstundene. Dette samsvarar også med det som Moe (2014, s.119) seier om at barna sine interesser burde påverke innhaldet i samlingsstundene. Eit argument som talar for å bruke barna sine interesser som grunnlag, er at barna kan bli meir konsentrerte, delaktige og har eit felles fokus på det som skjer (Eide et al., 2012). Sjølv om barna sine interesser skal vere vektlagt kan den pedagogiske leiaren presentere nye tema som kan vekke nysgjerrighet og interesse hjå barna (Olofsson, 2010, s. 136). I Håberg (2019) si studie kjem det fram at det stort sett er årsplan og periodebestemt innhald som styrer innhaldet i samlingsstundene. I mine funn kjem det fram at dette også er ein påverkande faktor. Informant 1 og informant 4 svarer at rammeplan som vidare er forankra i årsplan og emneplan, kan legge grunnlaget for val av innhald. Samla sett krev dette bevisstgjerung rundt korleis ein kan legge til rette for barn si medverking, og at ein på same tid tek omsyn til at fagområda blir vektlagt når ein planlegg innhaldet.

Det kan sjå ut som at samlingsstunda kan vere ei av arbeidsmetodane ein kan bruke for å arbeide med fleire av fagområda frå rammeplanen. Først og fremst påpeikar to av informantane at rammeplanen dannar grunnlag for val av innhald. I mine funn

kjem fire av dei sju fagområda tydlegast til syne. Barnehagen til informant 3 har kristen føremålsparagraf og seier at innhaldet ofte blir styrt av denne. Informant 1 seier at dei har samlingar med heile barnehagen på spesielle dagar som nissefest, samenes nasjonaldag og karneval. Dette kan tyde på at dei brukar samlingsstunda til å formidle kulturelt og religiøst innhald, slik ein er forplikta til gjennom rammeplanen (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 54). Eriksen og Isaksen (2020, s.13) skriv at samlingsstunda kan knytast tett opp til kunstfaga i barnehagen, fordi dei inneheld fortelling, dramatisering, song, speling, visuell kunst og leik. Dette ser vi også igjen i mine funn, sidan aktivitetar som song, musikk, eventyr, forteljing, lese bok og leik går igjen i samlingsstundene. Dette kan tyde på at samlingsstunda blir brukt som ein arena for å arbeide med fagområdet kunst, kultur og kreativitet (Kunnskapsdepartementet, 2017, s. 50).

Under presentasjon av funn vart det trekt fram to overordna fellesnemnarar for innhaldet som gjekk igjen hjå alle informantane. Dette var song og musikk, og formidling av eventyr, forteljingar og bøker. Tidlegare forskning viser også dei same tendensane, då song og formidling av eventyr, forteljingar og/eller bøker er eit innhald som går igjen i alle forskingsartiklane som er nemnt tidlegare i oppgåva (Sønstabø, 1978; Eide et al., 2012; Håberg, 2019). Sidan tre av fire informantar fortel at dei alltid startar og/eller avsluttar med ein song kan det sjå ut som at samlingsstundene alltid inneheld eit element av song. Informant 1 og informant 2 fortel også at dei har samlingsstunder som berre består av song, bevegelse og musikk. Informant 2 påpeikar at dei ofte vel samlingar med berre song, musikk og bevegelse, fordi dei yngste barna treng å vere aktive med kroppen. Når dette er sagt, kan ein stille seg spørsmålet om kvifor song er ein så sentral del av samlingsstunda. Her ser det ut til å vere fleire argument. For det første er song med og utan bevegelsar ein aktivitet som gir barna mogelegheit til å vere aktive deltakarar under samlingsstunda. Det er gøy og ein kan oppleve tilhøyrsløse til gruppa når ein syng og bevegar seg saman (Olofsson, 2010, s. 70). Tidlegare forskning viser også at barna er mest oppmerksame under song og aktivitetar med bevegelse (Sønstabø, 1976). Dei fleste argumenta talar altså for at song burde vere ein del av samlingsstunda.

I tidlegare forskning og relevant litteratur ser vi at samtale, namneoppdrag, været og dato eller kalenderen kan vere vanlege innhaldselement i samlingsstunda (Sønstabø,



1978; Reich, 1996, s.17; Oloffsson, 2010, s.19). Bortsett frå namneopprop og samtale er ikkje dette innhald som informantane sa noko om under intervju, men det er vanskelig å seie om det er innhald som dei brukar eller ikkje. Dersom eg hadde observert ville eg sett om dette var relevante innhaldselement i samlingsstundene til informantane. Ei mogleg årsak til at det ikkje vart sagt noko om, kan vere at det ikkje blir brukt under samlingsstundene med 1-3 åringane. Sønstabø (1978) si studie er gjennomført med eldre barn og er av eldre dato. Dette kan kanskje bety at kalender, dato og været er meir relevant innhald for eldre barn eller at det ikkje er relevant innhald i dagens samlingsstunder. I mine funn vart ikkje samtale omtala som eit eige innhaldselement, men det kjem fram at samtale kan vere ein del av samlingsstunda. Informant 1 sa at dei ofte har samtalar rundt bøker og informant 3 fortel at dei kan samtale med barna rundt bileter. Namneopprop blir berre indirekte nemnt av informant 2 og informant 4, som seier at dei syng ein namnesong om barna som er tilstade. Dette kan tyde på at eit klassisk namneopprop er erstatta med ein namnesong.

Innhaldet i barnehagen skal også vere variert (kunnskapsdepartementet, 2009, s. 60). Dersom vi rettar dette inn mot samlingsstunda, kan det sjå ut som at variasjon burde vere eit grunnleggande prinsipp. Det ser ut som at det kan vere lurt å variere innhaldet i forhold til aktivitetar som vekslar mellom bevegelse og kvile, samt variasjon i ulike element som songar, forteljingar og leikar med bevegelse (Reich, 1996, s.33; Eriksen, 2020, s.49). Både informant 1, 2 og 4, fortel at dei alltid startar og/eller avsluttar med ein fast song, og at innhaldet i midten av samlinga kan variere mellom meir song, eventyr/forteljing eller andre ting. Her ser vi at informantane varierer mellom ulike innhaldselement i samlingsstunda.

I Sønstabø (1978) sin studie vart konkretar kategorisert som levande dyr, plantar og frø, og det vart særst lite brukt i samlingsstundene som ho studerte. Nyare forskning og mi studie viser at konkretar blir kategorisert som figurar eller dyr, og desse blir brukt til å illustrere songtitlar eller formidle forteljingar eller eventyr (Eide et al., 2012; Wood, 2009, s.51). Alle informantane påpeikar også at visuelle hjelpemiddel i form av konkretar, er særst viktig under samlingsstunda med dei yngste. Dersom vi samanliknar samlingsstundene Sønstabø studerte i 1978 med samlingsstundene i nyare tid, kan det sjå ut til at Brendeland har eit godt poeng. Ho skriv at dagens barn

treng noko visuelt fordi dei er meir vande med visuelle inntrykk (Brendeland, 2009, s. 33). Med dette som bakgrunn kan det sjå ut som at det er viktig å ta i bruk visuelle hjelpemiddel under dagens samlingsstunder.

I mine funn, tidlegare forskning og litteratur kjem det fram to eksempel på bruk av visuelle hjelpemiddel som ser ut til å vere spesielt hensiktsmessig under samlingsstunda. Det første eksempelet er å bruke konkretar som dyr eller andre figurar for å illustrere songtitlar (Schei & Duus, 2016, s. 157). Dei blir putta i posar eller boksar, slik at barna får trekke. Tre av mine informantar seier at dei gjer dette under samlingsstunda. Dette samsvarar med ein av observasjonane til Eide et al. (2012). Der fekk barna trekkje ein gjenstand frå ein gullsekk, og deretter song dei ein song som var knytt til gjenstanden.

Det andre eksempelet er bruk av visuelle hjelpemiddel under formidling av eventyr, bøker eller forteljingar. Alle mine informantar beskriv at dei tek i bruk slike visuelle hjelpemiddel, og at dei brukar fleire ulike metodar. I Sønstabø (1978) sin studie kom det fram at bøker vart mykje brukt under samlingsstundene. Dette samsvarar med mine funn då alle informantane beskriv at dei tek i bruk bøker. Informant 2 og informant 4 seier at dei brukar konkretar og eventyr frå snakkepakken. Tre av dei svarer at dei tek i bruk flanellograf. Informant 1 fortel at dei også har brukt projektor. Dette samsvarar med det Brendeland (2009, s.33) skriv om dei ulike metodane som kan gi barna det visuelle dei treng.

## 6. Konklusjon

Problemstillinga eg har tatt føre meg i denne studien er: *«Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstund, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?»*.

I innleiinga nemnde eg at «Bevissthet om innhold og form, om rom og tid er nyttig for at en samlingsstund skal fungere godt» (Eriksen, 2020, s. 56). Dette krev ein bevisst pedagogisk leiar som har kunnskap om organisering og kva innhald ein burde velje til samlingsstundene med barn i alderen 1-3 år. Studien viser at det er fleire faktorar som burde påverke organiseringa og innhaldet. Først og fremst kan det sjå ut til at organisering og innhald er to kategoriar som går inn i kvarandre. Formålet med og innhaldet i samlingsstunda er avgjerande for kor stor gruppa kan vere og korleis barna burde sitte i forhold til den vaksne. Samtidig er det eit viktig poeng at den pedagogiske leiaren brukar si faglege kompetanse og kjennskap til barna når ein skal vurdere korleis ein skal organisere samlingsstunda.

Vidare kan det sjå ut til at det er hensiktsmessig å ha ein fast plass og eit fast tidspunkt for samlingsstunda, fordi dei yngste barna treng faste og klare rammer i kvardagen. Basert på min studie kan det sjå ut til at samlingsstunda burde vare mellom 5-20 minutt og tal på barn burde ligge in stad mellom 9-13 når ein samlar heile barnegruppa til samlingsstund.

I studien kjem det fram at barna sine interesser og rammeplanen styrer innhaldet i samlingsstundene. Vidare kan det sjå ut til at ein variasjon mellom aktivitetar med bevegelse og kvile, samt ulike innhaldselement burde vere eit grunnleggjande prinsipp for samlingsstunda. Typisk innhald som går igjen hjå dei yngste barna er song og musikk, og formidling av eventyr, forteljingar og bøker. Det kan også sjå ut til at visuelle hjelpemiddel er særskilt viktig for 1-3 åringane under samlingsstunda. Fordi dei kan vere god støtte til å illustrere songtitlar og hjelpe barna til å organisere og forstå eventyr og forteljingar som blir formidla.

## 7. Litteraturliste

- Askland, L. (2011). *Kontakt med barn (2.utg.)*. Oslo: Gyldendal Norsk Forlag.
- Barnehageloven. (2005). *Lov om barnehager (LOV-2005-06-17-64)*. Henta frå <https://lovdata.no/lov/2005-06-17-64>.
- Befring, E. (2015). *Forskningsmetoder i utdanningsvitenskap*. Oslo: Cappelen Damm AS.
- Brendeland, T. A. (2009). *Magiske samlingsstunder*. Oslo: Pedagogisk Forum.
- Brostöm, S., & Vejleskov, H. (2009). *Didaktikk i børnehaven: Planer, prinsipper og praksis*. Frederikshavn: Dafolo Forlag og forfattere.
- Dalland, O. (2017). *Metode og oppgaveskriving (6.utg.)*. Oslo: Gyldendal Akademisk.
- Dardanou, M., & Pesch, A. M. (2020). Se på min samlingsstund!. I A. Eriksen, & B. Isaksen(Ed.), *Kunsten å samles* (s. 16-27). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Drugli, M. B. (2017). *Liten i barnehagen*. Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Eide, B., Os, E., & Samuelsson, I. P. (2012). Små barns medvirkning i samlingsstunder. *Nordic Early Childhood Education Research Journal* 5(4), s.1-21. <https://doi.org/10.7577/nbf.320>.
- Eriksen, A. (2020). En samlingsstund tar form - samlingsstundens dramaturgi. I A. Eriksen, & B. Isaksen(Ed.), *Kunsten å samles* (s. 45-68). Oslo: Unisersitetsforlaget AS.
- Eriksen, A., & Isaksen, B. (2020). Innledning: Kunsten å samles. I A. Eiksen, & B. Isaksen(Ed.), *Kunsten å samles* (s. 11-15). Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Hiim, H., & Hippe, E. (1993). *Læring gjennom opplevelse, forståelse og handling: En studiebok i didaktikk*. Oslo: Universitetsforlaget AS.
- Håberg, L. I. (2015). *Didaktisk arbeid i barnehagen: Kvalitativ studie av korleis assistentar og barnehagelærarar planlegg, gjennomfører og vurderer samlingsstund og femårsklubb*. (Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo). Henta frå <http://urn.nb.no/URN:NBN:no-48971>.
- Håberg, L. I. (2019). Samlingsstund - tradisjonsberar eller nyskapar i arbeid med tidleg litterasitet i barnehagen? *Norsk pedagogisk tidsskrift* 103(04), s. 288-299 <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2019-04-09>.
- kunnskapsdepartementet. (2009). *Kvalitet i barnehagen*. (St. melding 41 (2008-2009)): Henta frå <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/stmeld-nr-41-2008-2009-/id563868/?ch=1>.

- Kunnskapsdepartementet. (2017). *Rammeplan for barnehage: Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Henta frå <https://www.udir.no/globalassets/filer/barnehage/rammeplan/rammeplan-for-barnehagen-nynorsk2017.pdf>.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju (3.utg.)*. Oslo: Gyldendal Akademisk .
- Moe, N. O. (2014). *Samlingsstund som sentrum i barnehagen: Tornerose har våknet*. Oslo: Kommuneforlaget AS.
- Møen, I-L. (2019). Rom for lyd - musikkinstrumenter i barnehagehverdagen. I I-L. Møen, & E. Thoresen(Red.), *Kunstpedagogisk utviklingsarbeid i barnehagen* (s. 57-70). Bergen: Fagbokforlaget.
- Olofsson, B. (2010). *Meningsfull samling i förskolan*. Stockholm: Lärarförbundets Förlag.
- Postholm, M. B., & Jacobsen, D. I. (2011). *Læreren med forskerblick: Innføring i vitenskapelig metode for lærerstudenter*. Høyskoleforlaget.
- Reich, L. R. (1996). *Samlingsstunden*. TANO A.S.
- Samling. (2021, 24.april). I *Bokmålsordboka/Nynorskordboka*. Henta frå [https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=samling&ant\\_bokmaal=5&ant\\_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok=begge](https://ordbok.uib.no/perl/ordbok.cgi?OPP=samling&ant_bokmaal=5&ant_nynorsk=5&nynorsk=+&ordbok=begge).
- Schei, T. B., & Duus, A. L. (2016). *Modig som mitwa: Kunstnerisk utfoldelse med barnehagebarn*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Statistisk Sentralbyrå. (2021). *Flere ett-åringer i barnehage*. Henta frå <https://www.ssb.no/utdanning/artikler-og-publikasjoner/flere-ett-aringer-i-barnehage>.
- Sønstabø, E. C. (1976). *Samlingsstund i barnehagen: belyst ved observasjon av aktiviteter, emner og barnas oppmerksomhet*. Hovudfagsoppgåve. Oslo: Universitetet i Oslo.
- Wood, R. C. (2009). *I hvilken grad kan samlingsstund i barnehagen sies å være tilpasset barn med nedsatt språkfunksjon?* (Masteroppgåve, Høgskulen i Hedmark). Henta frå <http://hdl.handle.net/11250/132676>.
- Åberg, A., & Taguchi, H. L. (2006). *Lyttende padagogikk: Etikk og demokrati i pedagogisk arbeid*. Oslo: Universitetsforlaget AS.

## 8. Vedlegg

### Vedlegg 1: Informasjonsskriv og samtykkeskjema



**HØGSKULEN  
I VOLDA**

## Vil du delta i mitt bachelorprosjekt?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å sjå på samlingsstund for barn i alderen 1-3 år. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg. Eg er svært takksam for at du stiller opp til intervju, slik eg kan få ein godt grunnlag på innhenta data frå informantar.

### **Formål**

Formålet for prosjektet er å finne ut korleis ein kan organisere samlingsstund med 1-3 åringar i barnehagen, og kva innhald ein kan velje for denne aldersgruppa. I dette inngår korleis ein organiserer samlingsstunda, kva ulike typar samlingsstund ein vel å gjennomføre og kva innhald ein vel.

Problemstillinga for bacheloroppgåva er: «Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstunder, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?».

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen i Volda ved dosent Bente Vatne er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Fordi du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å samle inn data frå deg for å få rikare kunnskap om korleis de arbeidar med temaet samlingsstund med barn i alderen 1-3 år. Eg vil intervjuje fire pedagogiske leiarar, der du er ein av dei fire.

Eg har fått kontaktopplysningane om deg frå styrar i din barnehage.

### **Kva vil det seie for deg å delta?**

Dersom du vel å ta del i prosjektet inneber det at eg vil gjennomføre eit intervju med deg som vil ta maks 1 time. Intervjuet vil bli tatt opp via nettskjemadiktafon, ein app som er godkjent for slike forskingsoppgåver, med tanke på personvern. Eg vil nytte ein intervjuguide og du kan få tilsendt intervjuguiden på forhand.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysningar om deg

vil bli sletta. Du kan trekkje deg ved å kontakte emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller per telefon(sjå nedanfor).

### **Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysningane dine**

Eg vil berre nytte opplysningane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysningane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin. I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, dosent Bente Vatne, som vil ha tilgang til datamaterialet. I mitt prosjekt er du registrert berre ved stemme. Opptak vert sletta når data er transkribert, og det transkriberte datamateriale vert sletta ved prosjektslutt 15.juni 2021.

### **Rettane dine**

Så lenge du kan identifiserast i datamateriale, har du rett til:

- Innsyn i kva personopplysningar som er registrerte om deg
- Få retta personopplysningar om deg
- Få sletta personopplysningar om deg
- Få utlevert kopi av personopplysningane dine, og
- Å sende klage til personvernombodet eller datatilsynet om behandling av personopplysningane dine.

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysningar i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller telefon.

Kva skjer med opplysningane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet? Prosjektet skal avsluttast innan 15. juni 2021. Alle personopplysningane og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Rettleiar:
- Bente Vatne (Emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075356  
[bente.vatne@hivolda.no](mailto:bente.vatne@hivolda.no)
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073  
[personvernombod@hivolda.no](mailto:personvernombod@hivolda.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost  
([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17

Med vennlig helsing

Student

.....

Prosjektansvarleg

Bente Vatne

---

Samtykkeerklæring

(Samtykket skal gjerast skriftlig)

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «samlingsstund med barn i alderen 1-3 år», og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

Å delta i eit intervju

Eg gir samtykke til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 15. juni 2021.

---

(Signert av informant, dato)





**HØGSKULEN  
I VOLDA**

## Vil du delta i mitt bachelorprosjekt?

Dette er eit spørsmål til deg om du vil delta i eit bachelorprosjekt der formålet er å sjå på samlingsstund for barn i alderen 1-3 år. I dette skrivet gir eg deg informasjon om mål for prosjektet og kva deltakinga vil ha å seie for deg. Eg er svært takksam for at du stiller opp til intervju, slik eg kan få ein godt grunnlag på innhenta data frå informantar.

### **Formål**

Formålet for prosjektet er å finne ut korleis ein kan organisere samlingsstund med 1-3 åringar i barnehagen, og kva innhald ein kan velje for denne aldersgruppa. I dette inngår korleis ein organiserer samlingsstunda, kva ulike typar samlingsstund ein vel å gjennomføre og kva innhald ein vel.

Problemstillinga for bacheloroppgåva er: «Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstunder, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?».

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Høgskulen i Volda ved dosent Bente Vatne er ansvarleg for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Fordi du er pedagogisk leiar er det interessant for meg å samle inn data frå deg for å få rikare kunnskap om korleis de arbeidar med temaet samlingsstund med barn i alderen 1-3 år. Eg vil intervju fire pedagogiske leiarar, der du er ein av dei fire.

Eg har fått kontaktopplysningane om deg frå styrar i din barnehage.

### **Kva vil det seie for deg å delta?**

Dersom du vel å ta del i prosjektet er eg svært takknemlig for at du svarar skriftlig på spørsmåla i intervjuguiden min. Svara frå intervjuguiden blir registrert på ei låst datamaskin. Intervjuguiden vil du få tilsendt når den er klar, og du har skrevet under på samtykkeskjema og sendt det tilbake til meg.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gi noko årsak. Det vil ikkje ha noko negative konsekvensar for deg om du ikkje vil delta eller vel å trekkje deg seinare. Alle opplysningar om deg vil bli sletta. Du kan trekkje deg ved å kontakte emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller per telefon(sjå nedanfor).

### **Personvernet ditt – korleis vi tek vare på og nyttar opplysningane dine**

Eg vil berre nytte opplysningane om deg til formåla eg har gjort greie for i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt og i samsvar med personvernregelverket.

Namnet og kontaktopplysningane dine vil eg erstatte med ei kode som vert lagra på eigen namneliste, skilt frå det andre datamaterialet. Data vert lagra på låst datamaskin. I tillegg til meg sjølv er det berre ansvarleg for prosjektet ved Høgskulen i Volda, dosent Bente Vatne, som vil ha tilgang til datamaterialet. I mitt prosjekt er du registrert berre ved skriftlige svar. Dine skriftlige svar vert sletta ved prosjektslutt 15.juni 2021.

### **Rettane dine**

Så lenge du kan identifiserast i datamateriale, har du rett til:

- Innsyn i kva personopplysningar som er registrerte om deg
- Få retta personopplysningar om deg
- Få sletta personopplysningar om deg
- Få utlevert kopi av personopplysningane dine, og
- Å sende klage til personvernombodet eller datatilsynet om behandling av personopplysningane dine.

Dersom du ønskjer å få innsyn, sletta eller retta personopplysningar i datamaterialet, kan du ta kontakt med emne- og prosjektansvarleg Bente Vatne per e-post eller telefon.

### **Kva skjer med opplysningane dine når eg/vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Prosjektet skal avsluttast innan 15. juni 2021. Alle personopplysningane og datamateriale vil bli sletta når prosjektet er avslutta.

På oppdrag frå Høgskulen i Volda har NSD (Norsk senter for forskningsdata AS) vurdert at behandlinga av personopplysningar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Kvar kan eg finne ut meir?**

Om du har spørsmål til bachelorprosjektet, eller ønskjer å nytte deg av dine rettigheter, ta kontakt med:

- Rettleiar:
- Bente Vatne (Emneansvarleg og prosjektansvarleg) 70075356  
[bente.vatne@hivolda.no](mailto:bente.vatne@hivolda.no)
- Høgskulen i Volda ved personvernombod: Cecilie Røeggen, 70075073  
[personvernombod@hivolda.no](mailto:personvernombod@hivolda.no)
- NSD – Norsk senter for forskningsdata AS, på epost  
([personverntjenester@nsd.no](mailto:personverntjenester@nsd.no)) eller telefon: 55 58 21 17

Med vennlig helsing

Student

.....

Prosjektansvarleg

Bente Vatne

---

Samtykkeerklæring

(Samtykket skal gjerast skriftlig)

Eg har mottatt og forstått informasjonen om prosjektet «samlingsstund med barn i alderen 1-3 år», og eg har fått høve til å stille spørsmål om prosjektet. Eg gir samtykke til:

Å delta i eit intervju

Eg gir samtykke til at mine opplysningar vert behandla fram til prosjektet er avslutta, 15. juni 2021.

---

(Signert av informant, dato)

## Intervjuguide

Tema: Samlingsstund med barn i alderen 1-3 år.

Problemstilling: «Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstunder, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?».

I mi bacheloroppgåve vil eg intervjuje fire pedagogiske leiarar om deira kunnskap, erfaringar og tankar rundt samlingsstunder på småbarnsavdeling. Ingen svar er feil. Eg ønskjer ditt perspektiv på temaet og dine svar på spørsmåla i denne intervjuguiden. Dine svar under intervjuet vert tatt opp via nettskjemadiktafon, ein app som er godkjent for slike forskingsoppgåver, med tanke på personvern.

### 1. Litt om din bakgrunn

- a) Kva utdanning har du?
- b) Kor lenge har du arbeida i barnehage og kor lenge på småbarnsavdeling (barn i alderen 1-3 år)?
- c) Har du kompetanse eller anna utdanning som er spesielt retta opp mot dei yngste barna?

### 2. Generelle spørsmål om samlingsstund

- a) Kva er din definisjon på ei samlingsstund?
- b) Kvifor vel du å gjennomføre samlingsstund med dei yngste barna?
- c) Kva er alderen på barna på avdelinga som du arbeidar på no?
- d) Er det noko du opplever som utfordrande med organisering og/eller val av innhald til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?

### 3. Organisering av samlingsstund

- a) Kor mange gangar i veka har dykk samlingsstund?
- b) Kor lenge varer ei samlingsstund på di avdeling?
- c) Korleis annonserer du for barna at det er samlingsstund?
- d) Kva tid på dagen gjennomfører dykk samlingsstund? Blir samlingsstunda gjennomført på same tidspunkt kvar gong?
- e) Kor mange barn er med på samlingsstund? Har du heile barnegruppa eller små grupper?
- f) Beskriv rammene rundt samlingsstunda (Til dømes: kvar sitt dykk? kva sitt barn og personalet på? korleis ser rommet ut? Har dykk ein fast plass?)
- g) Har dykk nokon gong samlingsstund ute eller utanfor barnehagen? Eventuelt kvar?

4. Innhaldet i samlingsstunda

- a) Kva legg grunnlaget for val av tema/innhald i samlingsstundene?
- b) Kva ulike typar samlingsstunder gjennomfører du? Forklar med 2-4 setningar kva innhald/aktivitetar som inngår i dei ulike typane.
- c) Er det noko bestemt innhald og/eller aktivitetar som du tenkjer er spesielt viktig å ha med i samlingsstund for dei yngste barna? Gi gjerne fleire eksempel. Og kvifor meiner du dette er viktig?
- d) Beskriv innhaldet/aktivitetar i ei typisk samlingsstund på di avdeling, frå start til slutt.
- e) Kva type materiale og rekvisittar tek du i bruk under samlingsstund, og korleis brukar du det?

5. Er det noko anna som du tenkjer er relevant å legge til i forhold til problemstillinga?

## Intervjuguide

Tema: Samlingsstund med barn i alderen 1-3 år.

Problemstilling: «Korleis organiserer den pedagogiske leiaren samlingsstunder, og kva innhald vel dei til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?».

I mi bacheloroppgåve vil eg intervjuje fire pedagogiske leiarar om deira kunnskap, erfaringar og tankar rundt samlingsstunder på småbarnsavdeling. Ingen svar er feil. Eg ønskjer ditt perspektiv på temaet og dine svar på spørsmåla i denne intervjuguiden. Skriv dine svar med utfyllande setningar under kvart spørsmål.

### 1. Litt om din bakgrunn

- e) Kva utdanning har du?
- f) Kor lenge har du arbeida i barnehage og kor lenge på småbarnsavdeling (barn i alderen 1-3 år)?
- g) Har du kompetanse eller anna utdanning som er spesielt retta opp mot dei yngste barna?

### 2. Generelle spørsmål om samlingsstund

- d) Kva er din definisjon på ei samlingsstund?
- e) Kvifor vel du å gjennomføre samlingsstund med dei yngste barna?
- f) Kva er alderen på barna på avdelinga som du arbeidar på no?
- h) Er det noko du opplever som utfordrande med organisering og/eller val av innhald til samlingsstunder med barn i alderen 1-3 år?

### 3. Organisering av samlingsstund

- h) Kor mange gangar i veka har dykk samlingsstund?
- i) Kor lenge varer ei samlingsstund på di avdeling?
- j) Korleis annonserer du for barna at det er samlingsstund?
- k) Kva tid på dagen gjennomfører dykk samlingsstund? Blir samlingsstunda gjennomført på same tidspunkt kvar gong?
- l) Kor mange barn er med på samlingsstund? Har du heile barnegruppa eller små grupper?
- m) Beskriv rammene rundt samlingsstunda (Til dømes: kvar sitt dykk? kva sitt barn og personalet på? korleis ser rommet ut? Har dykk ein fast plass?)
- n) Har dykk nokon gong samlingsstund ute eller utanfor barnehagen? Eventuelt kvar?

#### 4. Innhaldet i samlingsstunda

- f) Kva legg grunnlaget for val av tema/innhald i samlingsstundene?
  - g) Kva ulike typar samlingsstunder gjennomfører du? Forklar med 2-4 setningar kva innhald/aktivitetar som inngår i dei ulike typane.
  - h) Er det noko bestemt innhald og/eller aktivitetar som du tenkjer er spesielt viktig å ha med i samlingsstund for dei yngste barna? Gi gjerne fleire eksempel. Og kvifor meiner du dette er viktig?
  - i) Beskriv innhaldet/aktivitetar i ei typisk samlingsstund på di avdeling, frå start til slutt.
  - j) Kva type materiale og rekvisittar tek du i bruk under samlingsstund, og korleis brukar du det?
5. Er det noko anna som du tenkjer er relevant å legge til i forhold til problemstillinga? Svar gjerne på det her: